

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 10. februar 2016

Stad: seminarrom 301 i tredje høgda av HF-bygget

Frammøtte:

Frå gruppe A: Pernille Myrvoll (arabisk), Bente Hannisdal (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk) og Åsta Haukås (tysk).

Frå gruppe B: Jan Jacob Hoffmann.

Frå gruppe C: Anna Polster.

Frå gruppe D: Lars Ask.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 2. desember 2016

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Instituttleiar orienterte om evalueringa HUMEVAL (NFR) som skal evaluera forskinga og forskargruppene innanfor humanistiske fag.
- B) Fakultetet vil gje ei ekstra stipendiatstilling til øyremerkte satsingsområde ved instituttet. Vi vil òg få studiekvalitetsmidlar til instituttet, slik vi fekk i 2015.
- C) Instituttleiar orienterte om arbeidet med HF 2018.
- D) Det blir sett opp eit ekstraordinært rådsmøte 24. februar, der driftsrekneskapen for 2015 og driftsbudsjett for 2016 vil bli lagt fram.

Sak 4 – Oppfølging av HMS-rapporten for 2014 og Handlingsplan for HMS 2016-2017

Vedtak (samrøystes):

a) Instituttrådet tek til vitende svarbrevet «Oppfølging av HMS-rapport ved IF», der instituttet gjer greie for korleis HMS-rapporten for 2014 er følgd opp.

b) Instituttrådet vedtek den framlagde handlingsplanen for HMS ved Institutt for framandspråk 2016-2017.

Sak 5 – Driftsrekneskap 2015 og driftsbudsjett 2016

Instituttet manglar førebles ein del viktige opplysningar, og det er derfor vanskeleg å leggja fram eit fullgodt oversyn over driftsrekneskapen for 2015 og eit skikkeleg gjennomarbeidd

framlegg til driftsbudsjett for 2016. Rekneskap og budsjett vil i staden bli lagt fram for rådet til vedtak i eit ekstraordinære møtet 24. februar.

Administrasjonssjef og instituttleiari orienterte om den vanskelege økonomien, og bad særleg om tilbakemelding om to framlegg til konkrete innsparingar:

- *Reduksjon av dei individuelle driftsmidlane/bokpengane frå 3000 til 2000 for kvar vitskapleg tilsett.* Samanlikna med 2015 vil dette gje ei innsparing på om lag 50 000 kroner. Det var ulike syn på ei slik innsparing i møtet.
- *Reduksjon i bruken av eksterne sensorar.* Instituttet brukte i 2015 over 800 000 kroner til å honorera eksterne eksamenssensorar. Mykje av dette går til honorar på emne der det er valfritt å bruka ekstern sensor, dvs. at to interne er eit mogleg alternativ. Holm peikte på at det er viktig å sjå på undervisningsrekneskapane her. Johnsen viste til at det hadde vore eit møte med fagkoordinatorane der denne problemstillinga vart skissert. Haukås meinte det var uheldig å ikkje ha eksterne sensorar inne, og at ein må ta seg i vare for «innavl» i vurderinga. Johnsen viste til at det er fleire måtar å gjera dette på, ein kan m.a. trekkja ut nokre eksamenar som blir retta av eksterne, og slik få ein ekstern kvalitetskontroll. Ask la vekt på tryggleiken på at karakteren blir riktig sett. Uthaug viste til at ein kunne tenkja seg ei ordning med bruk av ekstern sensor t.d. kvart tredje år. Johnsen trekte fram at instituttet har programsensorar/tilsynssensorar, som òg skal ta stikkprøvar av eksamenssvara, og såleis borgar for ein viss ekstern kontroll. Holm viste til at fakultetet burde spara pengar på å leggja programsensorordninga på is i prosessen fram mot HF 2018.

Sak 6 – ymse

Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiari

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef